



Månadsbrev mai 2023

April gjekk fort med morgonsamling og verdas bokdag, ein flott skiaktivitetsdag for alle i sol og overnattingstur for valfagsgruppe i endå meir sol i retning Falkedalen frå Hønedalen, og då trur eg dei fleste avslutta skisesongen med det. Denne månaden stod volleyball på programmet frå Idrettspatruljen, og det var full aktivitet.

Mai går nok like fort med mange fridagar, men innimellom har ungdomsskuleelevane årsprøvar og morgonsamling, medan mellomtrinnet reiser på teatertur for å sjå *Hør'a*, dagbok, inkludert dansesession, på Sandnes 9. mai og neste års førsteklasingar kjem på skulen 11. mai. Same dag kjem idrettspatruljen. Det går rykte om fekting...



"Alt" skal skje før nasjonaldagen; 12. mai er det morgonsamling v/ungdomstrinnet. 15. mai blir det fotografering for 1., 7. og 10. klasse, og me øver på å gå i 17. mai-tog og plukkar søppel dei siste tre timane. Dermed bør alt vera klart til 17. mai-feiring og ei lang Kristi himmelfartshelg. 23. mai er det møte i ungdomsrådet

SKOGLEKENE



(SUR) på Tonstad og 25. mai får mellomtrinnet besøk av Skogselskapet. Dei er med på Skoglekene 2023, ein konkurranse i skogkunnskap og friluftsliv som er delt inn i tre rundar med finale på Hamar 7. juni. Finalistane blir offentleggjort 12. mai. Blir det tur på nokon frå Sinnes?!

Årsprøvene i år blir norsk hovudmål for 8.-10. klasse tysdag 2. mai, norsk sidemål (9-10) og matematikk (8) 3. mai, engelsk for alle 5. mai og matematikk for 9.-10. klasse 8. mai. Hugs at me opnar dørene til gymsalen når det ringer inn, og at alle må sitja minst t.o.m. 4. time. Det er sjølvsagt lurt å ha nok drikke, ein god matpakke og mykje frukt med! God jobbing!

Medan me er inne på prøver; 12. mai får 10. klasse vita kva dei kjem opp i til skriftleg eksamen, så dei kan øva mykje før eksamensdagen 22. (matematikk), 23. (engelsk) eller 24. og 25. (norsk) mai. Lukke til! De kan pusta ut på Rhodos 4.-11. juni, og førebu dykk til munnleg eksamen i veke 24 og avslutningsfest 20. juni.

Hugs onsdagsskule for 1.-4. klasse 3. og 31. mai!

Sinnes 30.03.23

Åse-Berit (rektor)

